

Valle og Hylestad sokneråd

MØTEBOK FRÅ MØTE 23.09.2025

Til stades:

Torstein Bjørgum
Gudrun Sagneskar
Knut Olav Uppstad
Kristine Kleiveland
Liv Gunn Viki

Frå administrasjonen møtte:

Ingen

Frå kommunen møtte:

Knut Hagen meldte forfall

Meldt forfall:

Sokneprest Toralv Frøysaa Lie
Arne Tronsen
Margit Homme

FR 049/25 - Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksframstilling

Godkjenning av innkalling og saksliste og val av to som skal signere protokoll.

Vedtak i Soknerådsmøte 23.09.2025

Sokneprest fekk innkalling, men stod ikkje på saksinnkallinga. Elles ingen merknader til innkalling og saksliste. Signering av alle frammøtte medlemmer.

Torstein Bjørgum las opp opningsord.

FR 050/25 – Orienteringssak

- I Kulturveka er Soknerådet ansvarlege for møte med Eivind Skeie.
- Torstein Bjørgum orienterte om møte med Eivind Skeie måndag 13. oktober og oppfordra Soknerådsmedlemer til å vere med på tilstellinga.
- Sakshandsamingssystemet

- Gudrun Sagneskar tok kontakt med Vitec Agrando om at sakshandsamingssystemet ikkje er h ndterleg. Ein finn ikkje vedtatte saker mm. Fekk tilbakemelding: «*Vitec Agrando jobber med videreutvikling av r dsmedlemssiden n  for tiden. Planen er at du skal f  m tehistorikk der, men kanskje enda viktigere sakshistorikk*»

FR 051/25 – F respurnader

- *Felles f respurnad:*

Administrasjonen kan ikkje tildele oppg ver til sokner dsmedlemene utan   ta det opp i forkant.

I det siste er konfirmantfesten og m te med Eivind Skeie noko av det me meiner ikkje er greitt at er tildelt sokner dsmedlemene. Oppdrag kan ikkje tildelast utan   sp rje i forkant.

- *Felles f respurnad:*

Kvifor vert det eigne d psgudstenester? Sokner det oppmodar om at det som hovudregel vert d p p  oppsette messer.

FR 052/25 Tilsetjing av Kyrkjeverje / Kyrkjelydsarbeidar (u.off)

Framlegg til vedtak

Valle og Hylestad kyrkjelege fellesr d gjev Ingunn Nordmo Sagland tilbod om stilling som Kyrkjeverje / Kyrkjelydsarbeidar etter n rare avtale. Det er ei standard 6 m nader pr vetid p  tilsetjinga. Skulle kandidaten takke nei til tilbodet f r Arbeidsutvalet fullmakt til   starte rekrutteringsprosessen p  nytt med innstilling til sokner det.

Vedtak i Sokner dsm te 23.09.2025

Valle og Hylestad kyrkjelege fellesr d gjev Ingunn Nordmo Sagland tilbod om stilling som Kyrkjeverje / Kyrkjelydsarbeidar etter n rare avtale. Det er ei standard 6 m nader pr vetid p  tilsetjinga. Skulle kandidaten takke nei til tilbodet f r Arbeidsutvalet fullmakt til   starte rekrutteringsprosessen p  nytt med innstilling til sokner det.

Samr ystes vedteke

FR 053/25 F rebels innspel til verneplan

Framlegg til vedtak

Vedtak vert fatta i m te

Vedtak i Sokner dsm te 23.09.2025

Framlegg frå Valle og Hylestad sokneråd om å utsetje saka til møte 14. oktober. Ein ynskjer at Leonhard Jansen kjem og orienterer om planen før ein fattar vedtak.

Samrøystes vedteke,

SR 054/25 Parkeringsløysing ved Valle kyrkje

Framlegg til vedtak

Valle og Hylestad sokneråd gjer vedtak om 15 parkeringsplassar, inkl. 2 HC plassar på nordsida av Valle kyrkje og 10 parkeringsplassar på nedsida av fylkesvegen (ved gamle Valle motell).

Me oppmodar om at Fylkesvegen vert utrusta med oppmerkt gangfelt.

Alternativt framlegg frå Knut Olav Uppstad:

Valle og Hylestad sokneråd ynskjer at kommunen ser på løysing med utviding av parkeringsplassar på vestsida, der dei 10 parkeringsplassane ved gamle Valle motell er teikna inn for å få så mange parkeringsplassar som råd med minimum 22 plassar. Dette utifrå estetikk, sentrumssynergi og jordbruksdrift.

3 HC parkeringar bør planleggjast der dei 15 parkeringsplassane på nordsida av kyrkja er.

Dersom dette ikkje lar seg gjere ynskjer ein 15 parkeringsplassar, inkl. 2 HC plassar på nordsida av Valle kyrkje og 10 parkeringsplassar på nedsida av fylkesvegen (ved gamle Valle motell).

Me oppmodar om at Fylkesvegen vert utrusta med oppmerkt gangfelt.

Røysting:

Framlegg frå Knut Olav Uppstad fekk 5 røyster

Framlegg frå Valle og Hylestad sokn fekk 0 røyster

Vedtak i Soknerådsmøte 23.09.2025

Valle og Hylestad sokneråd ynskjer at kommunen ser på løysing med utviding av parkeringsplassar på vestsida, der dei 10 parkeringsplassane ved gamle Valle motell er teikna inn for å få så mange parkeringsplassar som råd med minimum 22 plassar. Dette utifrå estetikk, sentrumssynergi og jordbruksdrift.

3 HC parkeringar bør planleggjast der dei 15 parkeringsplassane på nordsida av kyrkja er.

Dersom dette ikkje lar seg gjere ynskjer ein 15 parkeringsplassar, inkl. 2 HC plassar på nordsida av Valle kyrkje og 10 parkeringsplassar på nedsida av fylkesvegen (ved gamle Valle motell).

Me oppmodar om at Fylkesvegen vert utrusta med oppmerkt gangfelt.

SR 55/25 Endring av møteplan

Framlegg til vedtak

Møte 30.09.2025 går ut. Nytt møte vert 14.10.2025.

Vedtak i Soknerådsmøte 23.09.2025

Møte 30.09.2025 går ut. Nytt møte vert 14.10.2025.

Samrøystes vedteke

FR SAK 56/25 Minnelund, nummerering av gravfelt

Framlegg til vedtak

Nummerering av minnelund følgjer same nummerering som dei andre gravfelta på Hylestad kyrkjegard.

Ein startar gravlegging ved minnesmerke på høgre side av rundellen – Felt F og G. Når desse gravplassane er fylt opp, skal ein gravlegge ved minnesmerke på venstre side av rundellen – Felt H og I

Gravplassane skal fyllast opp på kortsida med å ta kolonne for kolonne.

Vedtak i Soknerådsmøte 23.09.2025

Nummerering av minnelund følgjer same nummerering som dei andre gravfelta på Hylestad kyrkjegard.

Ein startar gravlegging ved minnesmerke på høgre side av rundellen – Felt F og G. Når desse gravplassane er fylt opp, skal ein gravlegge ved minnesmerke på venstre side av rundellen – Felt H og I

Gravplassane skal fyllast opp på kortsida med å ta kolonne for kolonne.


Samrøystes vedteke.

Torstein Bjørgum

Leiar Valle og Hylestad sokneråd






Gudrun Lunde